

Det Kgl. Moderniseringsdepartementet  
Postboks 8004 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:  
05/00245-2

Sakshandsamar:

Arkivkode:  
601

Dato:  
28.06.2005

MODERNISERINGSDEPARTEMENTET
ARKIVKODE 45
29 JUNI 2005
SAKSB. KRA/
SAKSNR. 200501325-54



FITJAR

## Melding om vedtak

Vedlagt følger utskrift av sak PS 054/05 – Offentlege anskaffelsar, endring i regelverk – høyring – handsama i Fitjar formannskap 14.06.05.

Med helsing

*Kristin Meland*  
Kristin Meland  
Avd.leiar



## MØTEBOK

### Offentlege anskaffelsar, endring i regelverk - høyring

Utval sak	Utval	Møtedato
054/05	Formannskapet	14.06.05

#### Dokumentoversyn

Trykte vedlegg:

Moderniseringsdepartementet: Høringsbrev – endringar i regelverket for offentlege anskaffelsar.

Utrykte vedlegg:

Nærings- og Handelsdepartementet: Evaluering av regelverket for offentlege anskaffelsar – sluttrapport.

Moderniseringsdepartementet: Revidering av regelverket for offentlege anskaffelsar – anmodning om innspill

KSI: Felleskriv til Moderniseringsdepartementet  
Forskrift for offentlege anskaffelsar

#### Bakgrunn / faktisk opplysningar

Alle kommunar, offentlege etatar/verksemder er gjennom lov og forskrifter pålagt å fylgja gjeldande reglar for offentlege anskaffelsar. I hovudsak tyder dette at alle anskaffelsar skal konkurransenutsetjast.

Moderniseringsdepartementet sende i april ut høyringsbrev til kommunar, fylkeskommunar og departement vedk. endringar i regelverket for offentlege innkjøp i samband med forslag til endring i lov om offentlege anskaffelsar og forskrift om klagenemnd for offentlege anskaffelsar.

Bakgrunnen for endringa er nye direktiv frå EU, få meir igjen for offentlege midlar gjennom auka konkurranse og forenkla deler av regelverket for offentlege innkjøp.

Det vart lagt opp til ein prosess der departementet ba verksemder, Kommunenes Sentralforbund og kommunar/fylkeskommunar om å gje innspel. Departementet oppnemnde ei ekspertgruppe av innkjøparar og juristar som har kvalitetssikra forslaga som no vert presenterte.

Asplan Viak har stått for evalueringa av eksisterande regelverk for offentlege anskaffelsar.

#### Vurdering

Under EØS-terskelverdiar står styresmaktene i utgangspunktet fritt til å gje reglar. Departementet har invitert til ein prosess med formulerte problemstillingar i høve til eksisterande forskrift. Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum har tidlegare, saman med innkjøpssamarbeidet på Haugalandet, gjeve fråsegn til KS innkjøpsforum KSI om kva endringar som burde takast med i det nasjonale regelverket for offentlege innkjøp.

Tilbakemeldingar frå leverandørar tyder på at regelverket for offentlege innkjøp er altfor komplisert, spesielt for mindre lokale leverandørar. Dei opplever regelverket byråkratisk med store krav til formalitet og dokumentasjon på relativt små innkjøp/avtalar. Regelverket for innkjøp bør ikkje vera ein terskel for å kunna gje tilbod til det offentlege. Innkjøpsregelverket bør tvert i mot vera ein stimulans for å kunna gje tilbod.

Det har tradisjonelt vore små ressursar i kommunane til å sikra og styrka det innkjøpsfaglege miljøet. Det er derfor vanleg at innkjøpsfunksjonen vert organisert regionvis, slik ein m.a. har gjort i Sunnhordland. Etablering av innkjøps samarbeid ivaretek i hovudsak større innkjøp over EØS-terskelverdi på 1,8 mill kr.

Slik tilhøva er i dag, er det i forskriftsform i eige kapittel teke inn nasjonale reglar for kjøp under EØS-terkelverdiar. (Forskrifta del III) Det bør vurderast om vi treng nasjonale særreglar for innkjøp. Slik forskrifta er oppbygd i dag, er dei med å komplisera regelverket.

#### Terskelverdiar:

Uavhengig av innkjøpet sin storleik, skal innkjøp skje etter konkurranse og likebehandling, men kunngjeringsplikt og prosedyrane er meir formalisert og betydeleg meir arbeidskrevjande ved større innkjøp.

Terskelverdiane for vare-/tenestekjøp som gjeld i dag er:

Under kr 200.000,-:

Innkjøpsprosedyre: Innkjøp direkte etter pristilbod frå minst tre leverandørar.

Mellom kr 200.000,- og kr 1.800.000,-:

Innkjøpsprosedyre: Innkjøp etter anbudskonkurranse, Nasjonal utlysing, formelle krav til utlysing, fristar, prosedyrar etc.

Over kr 1.800.000,-:

Innkjøpsprosedyre: Innkjøp etter anbudskonkurranse, utlysing i EU-området i tillegg til nasjonal utlysing. Innkjøpsprosessen tek lengre tid, med bl. a. krav til utlysingsfrist på 52. dagar.

Den nasjonale terskelverdien vert foreslått auka frå kr 200.000,- til kr 500.000. Ein ser dette som ei forenkling og effektivisering av innkjøpa. Intensjonen er at alle innkjøp skal skje etter konkurranse. Dette må kunne gjerast enkelt med standarddokument med nøkkelopplysningar. Ytterlegare auke av nasjonal terskelverdi bør vurderast.

#### Tilrettelegging av moderne innkjøpsprosessar:

EU-direktiv sidestiller elektroniske innkjøpsprosessar med tradisjonelle innkjøpsmetodar. Tradisjonelt har offentlege innkjøp vore knytt til papirdokument. Dagens utvikling innanfor IKT gjer at det meste av kommunikasjon skjer elektronisk også innanfor innkjøpsprosessar. Ein ser derfor ei omlegging av regelverk frå obligatorisk papirdokument til å kunna nytta moderne elektroniske innkjøpsprosessar som ei tilpassing til teknologi som allereie er i bruk.

#### Forenkling av reglane:

Gjeldande forskrift for offentlege innkjøp er omfattande og detaljert. Den har ei oppbygging som er lite pedagogisk, og kan vera komplisert å setja seg inn i, ikkje minst for leverandørar og personell som sporadisk er i kontakt med forskrifta. Ein ser ei ny betre oppbygging av forskrifta med ei forenkling av enkelte områder som svært positivt. Forskrifta må bli enklare og meir praktisk innretta for partane i eit innkjøp, og gje mindre rom for juridiske tolkingar.

#### Innføring av overtredelsegebyr mot ulovlege direkte anskaffelsar:

Dette er eit nytt utspel som bør vurderast grundig før iverksetjing. Mynde til å illeggja gebyr er foreslått lagt til KOFA (klageorgan for offentlege anskaffelsar). Vi vil då få eit

nytt organ i Noreg med fullmakt til å ileggja gebyr. Ein er i utgangspunktet svært skeptisk både til direkte gebyrilegging, og at gebyrmynde vert lagt til eit organ som så langt berre har hatt ein rådgjevande funksjon. Andre, og meir konstruktive verkemidlar bør vurderast for å få konkurransen om dei offentlege innkjøpa til å fungera betre i praksis.

#### Protokollplikt for alle anskaffelsar over kr 50.000,- :

Det bør ved alle innkjøp over ein viss storleik liggja føre dokumentasjon på bakgrunnen for kjøpet, val av leverandør, prisar etc. Etter dagens ordning er det plikt om slik "protokollføring" når innkjøpet er over nasjonal terskelverdi, d.v.s. kr. 200.000. Forslaget inneber at dokumentasjonskravet vert redusert frå no kr. 200.000 til kr. 50.000. Dette betyr meir byråkrati, noko Fitjar kommune ikkje ynskjer. Fitjar kommune meiner at protokollplikta ikkje må skjerpast i høve til i dag ved å senka grenseverdiene. Kanskje bør protokollplikta framleis følgja den nasjonale terskelverdien, d.v.s. aukast til kr. 500.000. Uansett bør denne protokollen på ein enkel skjemasert måte ivareta behovet for etterprøving.

#### Universell utforming:

Det er bra at omsynet til auka tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne, vert integrert i innkjøpsprosessane. Ein imøteser departementet sin generelle vegleiar.

### **Konklusjon**

Fitjar kommune ser i hovudsak dei sentrale punkta i høyringsutkastet som relevante, men vil likevel kommentera følgjande punkt særskilt:

- Den nasjonale terskelverdien bør hevast frå kr 200.000,- til kr 500.000,-. Vidare auke bør vurderast.
- Tilrettelegging for moderne innkjøpsprosessar – elektroniske innkjøp, må likestillast med ordinære innkjøp.
- Eit enklare, meir praktisk innretta, og betre pedagogisk oppbygd regelverk er sterkt ynskjelég.
- Ein ynskjer ikkje innføring av gebyr mot ulovlege direkte anskaffingar. Det bør finnast andre og meir konstruktive verkemidlar for å oppnå intensjonane med regelverket for offentlege innkjøp.
- Grenseverdien for protokollplikt bør ikkje vera lågare enn i dag, d.v.s. kr. 200.000. Ein bør vurderast om grenseverdien for kontrollplikta bør følgja den nasjonale terskelverdien. Rutinane må vera enkle.
- Det er bra at omsynet til personar med nedsett funksjonsevne vert ivareteke i universell utforming, og synleggjort både i lov og forskrift.

### **Framlegg til vedtak**

Formannskapet tek saka til orientering, og sluttar seg i hovudsak til dei endringane som er føreslegne i høyringsutkastet, men med dei atterhald og presiseringar som går fram av premissane og konklusjonane i saka. Formannskapet vil spesielt poengtera følgjande:

- 1 Den nasjonale terskelverdien bør i alle høve hevast til minst kr. 500.000. Spørsmålet om ytterlegare heving, event. fjerning, bør vurderast.
- 2 Forslaget om "innføring av overtredelsesgebyr" bør fjernast og erstattast av andre og meir konstruktive verkemidlar for å oppnå intensjonane med regelverket for offentlege innkjøp.
- 3 Grenseverdien for protokollplikt bør ikkje setjast lågare enn i dag.


### **Behandling i Formannskapet 14.06.2005:**

**Vedtak i Formannskapet 14.06.2005 : (Samrøystes)**

Som framlegg.



Atle Tørnes  
Rådmann



Utskrift sendt:

Det Kgl. Moderniseringsdepartementet